

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for oppvekst
Møtestad: Formannskapssalen Vaksenopplæringa Bergsøy skule, Borga
Dato: 26.04.2017
Tid: 14:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 20.04.2017

Birgitte Sævik Pedersen
Leiar


SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 11/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 12/17	Protokoll frå førre møte
PS 13/17	Referatsaker
PS 14/17	Tilstandsrapport for grunnskulen 2016. Referatsaker
RS 4/17	Dialog med vaksenopplæringa
RS 5/17	Tilsynsrapport med varsel om vedtak - etter tilsyn i barnehagar

PS 11/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 12/17 Protokoll frå førre møte

PS 13/17 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Skuleavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	BST	Arkivsaknr:	2017/549
		Arkiv:	B00

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/17	Komite for oppvekst	26.04.2017
	Kommunestyret	11.05.2017

TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN 2016.

Tilråding:

Kommunestyret tek rapporten til vitande.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Avd. utdanning

Vedlegg:

Tilstandsrapport for grunnskulen 2016.

Samandrag av saka:

Tilstandsrapporten er ei oversikt og analyse av læringsresultat i grunnskulen for 2016. Resultata er henta frå Udir sin portal Skoleporten. Rapporten er utarbeidd i tråd med krav i Opplæringslova.

Saksopplysningar:

Målet med denne rapporten er å gje kommunestyret som skuleeigar og andre betre forståing, innsikt og oversikt over sentrale område i det arbeidet som går føre seg i Herøyskulen.

Jfr. Opplæringslova §13-10, skal skuleigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I Meld. St. nr 31 2007 – 2008, «Kvalitet i skolen», pkt. 4.5.3 - Krav til årleg tilstandsrapport, heiter det innleiingsvis:

«Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte».

Tilstandsrapporten skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, og den skal vere eit sentralt element i høve til det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. I tillegg kan rapporten verte utvida med fagområde som leiinga meiner er formålstenleg ut i frå lokale behov. Rapporten skal handsamast av skuleigar, dvs. kommunestyret.

Rapporten byggjer på opplysningar frå www.udir.no/skoleporten som er Utdanningsdirektoratet sin portal der all informasjon som vert innmeldt frå skulane, vert lagra. Der er ikkje berre læringsresultat, men også anna informasjon om skulane som vert innmeldt gjennom den årlege GSI-rapporteringa.

Vi har gjort eit utval frå Skoleporten, og presenterer det i den vedlagte tilstandsrapporten.

Vurderingar:

Skulane arbeider systematisk og godt på mange ulike område, og skuleleiinga forventar positiv utvikling over tid. Ein ser resultat av dette arbeidet, men også svingingar mellom årskull og skular.

Analysane etter nasjonale prøver 2016 viser fleire årsaker til at somme skular skårer lågare enn forventa: Lite fritak, mange minoritetsspråklege elevvar på trinna som vart målte, dei yngste elevane har lite trening i å halde ut i 90 minutt, manglande leseforståing – kan gi utslag også i rekning – er blant funna. Alle skular har analysert og meldt inn funn og forslag til tiltak.

Det er noko skilnad på resultat mellom skulane. Her ligg ein stor ressurs, i form av å dele praksis og lære om kva andre gjer for å oppnå gode resultat. Det er etablert nettverk både i og mellom skular og mellom trinn. Desse arbeider godt og fører til at kompetansen vert heva på tvers av skular.


Elevundersøkinga viser at det er lite mobbing og høg trivsel i Herøyskulen. Dette er målretta arbeid. Det føregår mykje godt og førebyggjande arbeid for å sikre eit godt elev- og læringsmiljø. Ein nyttar programma MOT og Sterk og klar på ungdomstrinna, og aktivitetsvakter og andre trivselstiltak på barnetrinna. Det er innført prosedyrar og malar for handtering av mobbesaker, i tråd med Opplæringslova og Forvaltningslova. Rektorane får fagleg opplæring og støtte i dette arbeidet. Dette fokuset gir rask handling. I tillegg har vi oppretta eit berdeskapsteam som skal knytast på dersom særleg vanskelege situasjonar oppstår. Ein er uansett avhengig av at foreldre, elevar og andre melder frå om konkrete opplevingar så fort som råd slik at skulen kan gripe inn raskt. Det har vore ein aukande tendens til at mobbing føregår på områder der ein lærar ikkje er til stades, som t.d. digitale og sosiale media. Denne type mobbing kan kome inn under Straffelova, og det er difor oppretta eit samarbeid med politiet, som tek slike saker vidare.

Fosnavåg, 07.04.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy
Kommunalsjef Oppvekst

Sakshandsamar:
Brit-Synnøve Torvik
Fagleiar Oppvekst



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

HERØYSKULEN

Tilstandsrapport 2016



**«Kort sagt er målet med opplæringa
å utvide evnene hos barn, unge og voksne
til erkjenning og oppleving,
til innleving, utfolding og deltaking».**

(Kunnskapsløftet, generell del)

Innhold

Innleiing.....	3
Elevtal i kommunen sine grunnskular: 1052 elevar	4
Prognose for elevtal 1. klasse 2013-23:	6
Ressursbruk i grunnskulen, Herøy kommune 2012-17:	7
Kvalitetsvurderingssystemet i grunnskulen:	8
Statlege føringar som påverkar undervisninga:	11
Felles satsingsområder:.....	11
1. Målretta arbeid med lesing:	12
2. Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø:.....	14
Elevresultat:.....	15
Andre faktorar som skal gi støtte til læring:.....	16
Tiltak for vidare utvikling:.....	17
Nytt frå Kunnskapsdepartementet:	18
Oppsummering.....	19

Innleiing

Oppvekstavdelinga ynskjer med denne rapporten er å gi kommunestyret som skuleeigar og andre, oversikt over dei mest sentrale område i arbeidet som går føre seg i Herøyskulen.

Jfr. Opplæringslova § 13-10, skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I St.meld. nr 31 2007-2008: «Kvalitet i skolen», punkt 4.5.3 - krav til årleg tilstandsrapport heiter det innleiingsvis:

«Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte».

I 2015 utarbeidde Oppvekstavdelinga, i samarbeid med rektorgruppa, strategidokumentet «Herøyskulen – ein los i leida». Ein strategiplan for skuleutvikling 2015 – 2018 (rev. juni 2016). Dokumentet inneheld felles visjonar og grunnprinsipp for skulane i Herøy, pedagogiske satsingsmål, fokus på godt elevmiljø og døme på faktorar som støttar læring. Skulane sine utviklingsmål i arbeidet mot meir læring for fleire tek utgangspunkt i dette dokumentet.

Tilstandsrapporten omhandlar det arbeidet som til no er gjort i skulane i høve strategiplanen. Den skal vere eit sentralt element i høve til det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. I tillegg kan rapporten verte utvida med fagområde som skuleeigar meiner er formålstenleg ut i frå lokale behov. Rapporten skal handsamast av skuleeigar, dvs. kommunestyret.





Rapporten er også utarbeidd med bakgrunn i viktige opplysningar og fakta frå www.skoleporten.no og <https://gsi.udir.no>.

Oppvekstavdelinga, mars 2017

Bildet på framsida er laga av elevar ved Bergsøy skule.

Elevtal i kommunen sine grunnskular: 1052 elevar

(Tal henta frå GSI pr. 01.10.2016)

<p>Leikanger skule</p> 	<p>Totalt: 78 elevar</p> <ol style="list-style-type: none">1. 122. 83. 124. 165. 116. 97. 10
<p>Stokksund skule</p> 	<p>Totalt: 155</p> <ol style="list-style-type: none">1. 102. 113. 94. 135. 176. 87. 138. 219. 3010. 23
<p>Moltu skule</p> 	<p>Totalt: 51</p> <ol style="list-style-type: none">1. 92. 63. 54. 145. 36. 87. 6
<p>Einedalen</p> 	<p>Totalt: 188</p> <ol style="list-style-type: none">1. 212. 273. 244. 375. 236. 267. 30

Bergsøy skule avd. Blåhaugen



Totalt: 161

- 1. 33
- 2. 45
- 3. 44
- 4. 39

Bergsøy skule avd. Borga



Totalt: 119

- 5. 27
- 6. 46
- 7. 46

Ytre Herøy Ungdomsskule



Totalt: 229

- 8. 80
- 9. 72
- 10. 77

Nerlandsøy skule



Totalt: 71


- 1. 12
- 2. 9
- 3. 7
- 4. 6
- 5. 12
- 6. 12
- 7. 13

Prognose for elevtal 1. klasse 2013-23:

Fødselsår:	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Skuleår:	13-14	14-15	15-16	16-17	17-18	18-19	19-20	20-21	21-22	22-23
Herøyskulen:	128	102	100	113	114	99	87	102	92	76
Bergsøy	44	45	46	41	53	36	34	51	38	34
Nerlandsøy	7	7	9	12	11	13	14	14	6	7
Moltu	13	5	3	8	4	7	3	5	5	7
Leikanger	16	13	7	10	7	6	6	8	6	8
Stokksund bsk.	10	10	9	15	4	16*	16*	4*	16*	8*
Einedalen	38	22	26	21	35	21	14	20	21	12

*Evt. Møre-elevar er med i talmaterialet.

NB! Dei som er fødte mellom 1. oktober og 31. desember i 2016 er ikkje med i talmaterialet.



Tabell for elevtalsutvikling, basert på siste data frå Folketalsregisteret, pr.april 2016.

Kommentar:

Elevtalsutviklinga har samla sett siste åra vist ein gradvis nedgang jfr. folketalsregistreringa. Skuleåret 2013-14 hadde Herøyskulen 128 førsteklassingar. Frå 2014-15 ser vi ein gradvis nedgang i skulestartarar, berre avbrote av ein svak oppgang i 2016-17 og 2017-18. Utsiktene framover er ikkje opplyftande. Dersom prognosane viser seg å halde stikk, vil talet på førsteklassingar vere ned i 76 om seks år. Det er ein nedgang på over 40 %!

Utviklinga har variert frå krins til krins og frå år til år. Dei største skulane våre, Bergsøy og Einedalen, har hatt størst grunnlag for å oppretthalde eit generelt stabilt elevtal. Det kan sjå ut til at talet også går ned ved desse avdelingane. Den mest markante endringa i elevtilflot viser seg ved Stokksund skule, der elevar frå Myrvåg krins vel å starte ved Møre barne- og ungdomsskule i større grad enn tidlegare år, mest av forståelege årsaker som avstand mellom heim og skule.

Herøyskulen har også hatt ein del elevar i skulen som er born av arbeidsinnvandrarar. Talet på desse elvane har også gått noko ned i det siste, som resultat av ein stram arbeidsmarknad og svekka behov. Dette kan sjølvstøtt endre seg etter svingningar i marknaden. Talet på flyktningar er relativt stabilt. Dei fleste nye kjem frå Syria.

Ressursbruk i grunnskulen, Herøy kommune 2012-17:

(data frå Udir/Skoleporten)

Eining: Herøy kommune (M&R)					
Grunnskule, Ressurser, Offentleg, Alle Trinn, Begge kjønn					
Indikator og nøkkeltall	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Elevtal herøyskulen	1094	1093	1089	1064	1052
Møre	98	101	92	102	125
Årsverk for undervisningspersonale	98,9	98,0	97,5	99,7	100
Antall elevar pr årsverk til undervisning	12,5	12,6	12,7	12,4	12,2
Antall årsverk assistent i undervisninga	15,0	15,0	13,0	12,0	12,0
Antall elevar pr årsverk assistent i undervisningen	75,1	74,5	86,2	90,1	88,7
Antall årsverk assistent pr hundre årsverk lærer	14,7	15,0	13,0	11,8	11,9
Lærertettleik 1.-7. trinn	12,8	13,0	13,1	12,9	12,6
Lærertettleik 8.-10. trinn	15,7	15,3	15,8	14,9	15,3
Lærertettleik i ordinær undervisning	16,4	16,2	16,2	15,9	15,7
Antall årstimar til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjend utdanning	99,7	99,9	99,7	98,4	97
Undervisningstimar totalt pr. elev	57	57	56	58	58
Lærartimar til undervisning	62212	61927	61080	61317	61404

Eining: Herøy kommune (M&R)			
Grunnskole, Ressurser, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn, 2016-17			
Indikatorar og nøkkeltall	Herøy kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Årsverk for undervisningspersonale	100	3039,7	55634,1
Antall elever per årsverk til undervisning	12,2	11,7	12,3
Antall assistentårsverk i undervisningen	12,0	498	8423
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	88,7	63,8	72,0
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	11,9	16,4	15,1
Lærertetthet 1.-7. trinn	12,6	12,4	13,4
Lærertetthet 8.-10. trinn	15,3	14,0	14,2
Lærertetthet i ordinær undervisning	15,7	16,0	17,0
Andel årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	97	95,8	95,9
Undervisningstimer totalt per elev	58	61	58

Kommentar:

Talet på elevar i Herøyskulen har hatt ein svak nedgang sidan 2013 på 3,8 %. Som sagt vel ein del elevar, særleg frå området kring Myrvåg, å gå ved Møre barne- og ungdomsskule. I 2016 gjekk heile 76 elevar frå Herøy kommune ved Møre barne- og ungdomsskule. For nokre av skulane våre er det merkbare tal. Trass nedgangen i elevtal, held lærartettleiken seg nokolunde stabil, samstundes som elevtal pr. lærar går litt ned. Saman med nedgang i bruk av assistent i spesialpedagogiske læringssituasjonar, kompensert med lærartimar til spesialundervisning, er ressursen kring elevane totalt sett styrka.

Samanliknar vi tala for Herøy med fylke og nasjon er tala høvesvis:

Lærartettleik 1.-7. trinn 12,6 (Herøy) – 12,4 (M&R) – 13,4 (N)

Lærartettleik 8.-10. trinn 15,3 (Herøy) – 14,0 (M&R) – 14,2 (N)

Talet på årsverk assistent (pr. hundre lærarårsverk) har som sagt gått gradvis ned frå 2011-12, då talet var på heile 18,1. Inneverande år er talet nede på 11,9 årsverk. Nedgangen heng saman med at det siste åra har vore eit bevisst fokus på at all undervisning skal ha sitt utgangspunkt i klasseromet i regi av ein eller fleire pedagogar, med tilpassa undervisning for alle. Behovet for spesialundervisning skal utøvast i klasseromet så langt det er til beste for eleven. Det er i klasseromet den tilpassa undervisninga skal ha sin hovudtyngde, og det har vore arbeidd aktivt med god klasseleiing, trygt og godt arbeidsmiljø samt drøfting og samarbeid kring undervisning. Fokus på verdien av lærande nettverk har «slått rot» i organisasjonen, og er mykje brukt som samarbeidsmodell i og mellom skulane i kommunen og i Sjustjerna. Dette, saman med ein friare og meir fleksibel bruk av timerressursen, kan ha ført til at talet på elevar som treng spesialundervisning etter § 5.1 også har falle gradvis frå 62 til 55, som er 5,22 % av elevtalet i Herøyskulen.

Kvalitetsvurderingssystemet i grunnskulen:

Brukarundersøkingar:

Alle skulane i Herøy gjennomfører elevundersøkinga årleg i perioden oktober-november. Elevar frå 5. – 10. trinn kan inviterast til å vere med. I Herøy er det elevar på 7. og 10. trinn som gjennomfører undersøkinga, totalt 218 elevar. Alle rektorar analyserer og drøftar resultatet på sin skule, og rapporterer resultat og tiltak til kommunalsjefen. Funn blir drøfta i leiargruppa og er med å danne grunnlag for vidare utviklingsmål i skulen.

Nasjonale prøver:

I løpet av hausthalvåret vert det gjennomført nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. trinn, medan 9. trinn gjennomfører nasjonale prøver i lesing og rekning. Kartleggingane av elevane sine læringsresultat skal saman med annan vurdering ligge til grunn for vurdering om tiltak retta mot einskildelevar, grupper, skular eller på kommunenivå. Rektorane har rapporteringsplikt til kommunalsjef etter faste prosedyrar.

Eksamen:

Eksamen på 10. trinn blir gjennomført i mai/juni. Heile siste skuleåret i grunnskulen er ei jamn opptrapping til eksamen. Elevane øver på prøveeksempel og prøveform. Det vert gjennomført skriftlege heildagsprøver i matematikk, norsk (H og S) og i engelsk. I munnleg øver elevane seg i eit trekkfag (prøvemunnleg).

Læringsstøttande prøver:

Læringsstøttande prøver er frivillige og kan gjennomførast fleire gongar om nødvendig. Prøvene er eit nyttig verkty i undervegsvurderinga som grunnlag for læringsfremjande tilbakemeldingar til elevar på alle nivå.

Karakterstøttande prøver:

Dei karakterstøttande prøvene kan brukast på alle trinn i ungdomsskulen, men er basert på kunnskapsmåla etter 10. trinn. Prøvene inneheld oppgåver frå alle hovudområda i læreplanen. Formålet med prøvene er:

- Å sjå undervegsvurdering og sluttvurdering i samanheng
- Å sjå eleven sin heilskaplege kompetanse i faget
- Å samanlikne gruppa/klassa mot nasjonalt nivå

Kartleggingsprøver:

Skulane i Herøy gjennomfører årleg nasjonale kartleggingar innafor dei grunnleggjande dugleikane i 1. – 4. trinn. Ein nyttar Udir sine kartleggingsprøver i lesing, rekning, engelsk og digitale ferdigheiter. Prøvene skal brukast av skulen og lærarane til å finne dei elevane som treng styrking.

Internasjonale undersøkelser:

Ikkje delteke.

Tilsyn:

Ikkje tilsyn i 2016.

Kartleggaren:

I tillegg til Udir sitt kvalitetssystem i opplæringa, gjennomfører alle skulane i kommunen Kartleggjaren, eit digitalt kartleggingsverkty frå Fagbokforlaget, for 5. – 10. trinn. Prøvene vert gjennomført som ein før-test ved skulestart om hausten, og ein ettertest påfølgjande vår, i mai. Her får skulen informasjon om korleis eleven presterer i forhold til kva ein kan forvente av kompetansenivå for dei aktuelle årstega. For at kartleggingsprøvene skal ha noko føre seg for elevane sin læring, må resultata analyserast og samanliknast med t.d. resultat frå nasjonale prøver, samt eventuelt andre testar. Då kan ein leggje til rette undervisninga gjennom året for den einskilde elev og for elevgruppa, sett i lys av kunnskapsmåla. Prøvene vert tekne i faga engelsk, matematikk og norsk (nynorsk).

Kvalitetsvurderingssystemet frå Udir – oversikt:

	Formål	Obligatorisk/frivillig
Brucarundersøkingar	<ul style="list-style-type: none"> - Gi informasjon om læring og trivsel på skulen - Gi informasjon for utvikling av læringsmiljøet 	Obligatorisk: <ul style="list-style-type: none"> - Elevundersøkinga Frivillig: <ul style="list-style-type: none"> - Foreldre- og lærarundersøkinga
Nasjonale prøver	<ul style="list-style-type: none"> - Gi informasjon om eleven sin dugleik i lesing, rekning og engelsk - Danne grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i Oppvekstavdelinga 	Obligatorisk: <ul style="list-style-type: none"> - Lesing og rekning på 5., 8. og 9. trinn - Engelsk på 5. og 8. trinn
Eksamen	<ul style="list-style-type: none"> - Vise eleven sitt kompetansenivå 	Obligatorisk: <ul style="list-style-type: none"> - På 10.trinn trekk i ein sentral gitt skriftleg og ein loka gitt munnleg eksamen
Læringsstøttande prøver	<ul style="list-style-type: none"> - Gi læringsfremjande tilbakemeldingar til elevar på alle nivå - Støtte til undervegsvurdering 	Frivillig: <ul style="list-style-type: none"> - Tilbod om det i lesing, rekning og digitale ferdigheiter
Karakterstøttande prøver	<ul style="list-style-type: none"> - Bidra til å sjå undervogs- og sluttvurdering i samanheng - Gjere det mogeleg å samanlikne gruppa sine resultat i høve nasjonalt nivå 	Frivillig: <ul style="list-style-type: none"> - Tilbod om det i naturfag og samfunnsfag i 8., 9. og 10. trinn
Kartleggingsprøver	<ul style="list-style-type: none"> - Finne elevane som treng ekstra hjelp i ferdigheiter og fag <p>*Blir gjennomførte i Herøyskulen</p>	Obligatorisk: <ul style="list-style-type: none"> - Lesing på 1., 2. og 3. trinn - Rekning på 2. trinn Frivillig:* <ul style="list-style-type: none"> - Rekning på 1. og 3. trinn - Engelsk på 3. trinn - Digitale ferdigheiter på 4. trinn
Internasjonale undersøkingar	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdere norske elevar si kompetanse samanlikna med andre land - Gi informasjon om utvikling over tid 	Frivillig: <ul style="list-style-type: none"> - PISA (matematikk, naturfag og lesing) - TIMSS (matematikk og naturfag) - PIRLS (leseforståing) - ICILS (digital kompetanse) - CIVIC/ICCS (demokrati og engasjement)
Tilsyn	<ul style="list-style-type: none"> - Å avdekke og korrigere brudd på regelverket 	Obligatorisk: <p>Alle kommunar utarbeider ein årleg tilstandsrapport om tilstanden i skulen (minstekrav: skal omhandle læringsmiljø og resultat)</p>

Statlege føringar som påverkar undervisninga:

Opplæringslova med forskrifter utgjer det viktigaste styringsverktøyet for arbeidet til Oppvekstavdelinga. Dette lovverket vert stadig endra, slik at krava og ansvaret til kommunen som skuleeigar aukar. Siste åra har ein sett ei auka grad av detaljert styring.

Kunnskapsløftet legg nasjonale føringar for innhaldet i undervisninga (læreplanar), samt fastset kompetansemål for elevar på ulike årstrinn. I Herøy har vi utarbeidd lokale læreplanar i fellesskap, og med utgangspunkt i det arbeidet er det også innkjøpt same lærebøker i dei fleste fag i grunnskulen. Elevar flyttar mellom skular i større grad enn før, og difor er det viktig at Herøyskulen har ei felles plattform på viktige områder. I Herøyskulen har vi felles overordna utviklingsmål på målbare områder innan t.d. klasseleiing, grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning, felles fokus på pedagogisk leiing, psykisk helse og læringsmiljø.

Tilpassa opplæring er eit nasjonalt og kommunalt satsingsområde, nedfelt i Opplæringslova og i Kunnskapsløftet. Alle elevar skal ha like høve til å utvikle evner og anlegg både individuelt og i fellesskap med andre. I tillegg til Opplæringslova, kjem dei generelle lovverka som styrer kommunen si verksemd.

Det finnst også ei rekkje Stortingsmeldingar som legg føringar for skulen.

Felles satsingsområder:

Overordna mål for Herøyskulen i 2017:

Satsingsområde	Måleindikator	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017
Grunnskulen:				
1. Målretta arbeid med lesing	Resultat Nasjonale prøver lesing 5.trinn. Prosent elevar på Meistringsnivå 2 og 3	63,1% elevar	59,9% elevar	65% elevar
2. Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø	Resultat frå Elevundersøkinga, indikator Meistring	7.trinn:4,0 10.trinn:4,0	7.trinn:3,9 10.trinn:3,8	Minimum 4,0
	Grunnskulepoeng 10.	42,1	39,9	

Forklaring av omgrep:

Meistringsnivå: Resultat på 5. trinn fordelt på 3 nivå, der nivå 3 er best. Målet er at fleire elevar skal meistre eit resultat som plasserer dei på nivå 2 og 3.

Meistring: Indikatoren viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen.


Grunnskulepoeng: Summen av eleven sine avgangskaraktarar, delt på antal karakterar og multiplisert med 10.

1. Målretta arbeid med lesing:

Målet for 2017 i lesing for 5.trinn vart sett ut frå resultat nasjonale prøver i 2015-16. Då låg resultatet på nivå 2 og 3 til saman på 59,9 % av heile 5.trinn i Herøy. Resultat frå nasjonale prøver i lesing på 5. trinn 2016-17, viser stor framgang frå tidlegare år. Heile 80,4 % av 5.trinn ligg innafør nivå 2 og 3. Dette er 8,5 skalapoeng over fylket og 5,6 over nasjon. Sjå ill. under.


Alle skulane i Herøy gjer gode resultat i lesing sett i høve til tidlegare år. Sjølv med ei spreing i samanlagt resultat (nivå 2 og 3) frå 54,6 skalapoeng til 100 skalapoeng, må ein seie seg svært tilfreds med resultatet. Ein har framleis von og tid til å nå målet om 65 % for alle barneskulane innan utgangen av 2017. Det må også nemnast at Herøyskulane ligg lågt på fritak frå nasjonale prøver!

Resultat 5. trinn lesing:



Herøy kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Resultat 8. trinn lesing:




Herøy kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

Sjølv om lesing på 8. og 9. trinn ikkje er nemnt spesifikt som satsingsområde i dei overordna fellesmåla for Herøyskulen, betyr det ikkje at ein ikkje har fokus på det. Ein vil alltid ha fokus på lesing som den viktigaste grunnleggjande ferdigheita til elevane. Å vere ein god lesar er avgjerande for mestring også i andre skulefag.

Vi er litt stolte over å kunne legge fram eit stigande resultatet i lesing på dei to ungdomstrinna våre, samanlikna frå år til år på same trinn. På 8. trinn er heile 75,8 % av elevane på nivå 3, 4 og 5, og 39 % held seg innafor nivå 4 og 5! Vi registrere med glede at elevar flyttar seg frå dei to lågaste nivåa og oppover til nivå 3, 4 og 5. Og ikkje minst at dei to øvste nivåa aukar. Samanliknar ein fjordårets 8. trinn med årets 9. trinn, som er same elevane, ser vi også ein auke frå 68,4 % til 74,4 % på nivå 3, 4 og 5 samanlagt.

Resultat 9. trinn lesing:



Herøy kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 9, Begge kjønn

Kvifor dette gode resultatet?

Det har vore fokus over tid på ulike element som kan føre til auka leseforståing og betre resultat t.d. på nasjonale prøver. Særleg har fokus på lesing i alle fag fått større interesse og forståing blant lærarane. Alle lærarar er leselærarar og det har vore jobba i nettverk både internt i skulane og mellom skulane i kommunen med erfaringsdeling. Av det skulane sjølve rapporterer, kan vi nemne:

- Fokus på lesing i alle fag (fagspråk og strategiar).
- Skulane er flinke til å nytte både skulebiblioteka sine og Folkebiblioteket. Biblioteket vert nytta både i spesifikke prosjekt, men også i alle fag og på alle trinn. Nokre skular har også høve til å besøkje Bokbåten.
- Elevane har god tilgang på bøker i heile skuleløpet. Stadig tilførsel av nye bøker – også på nynorsk.
- UIU (ungdomstrinn i utvikling) har ført til auka fokus på lesing som grunnleggande ferdigheit i alle fag.
- Samarbeid om kompetansemål i overgang mellom barneskule til ungdomsskule. Forventningar til tileigna kompetanse i løpet av barneskuleåra.
- Systematisk repetert lesing
- Drøfting i personale om etterarbeid med bakgrunn i resultat av NP og kartlegging.
- Innføring av gode rutinar for etterarbeid NP og kartlegging.
- Personalet samarbeider om lesing i nettverk i skulen og mellom skulane.

2. Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø:

«Norsk skole på rett vei – elevene lærer mer og trives på skolen», sa statsminister Erna Solberg i bloggen sin 3. desember 2016, med bakgrunn i at den internasjonale skuleundersøkinga TIMMS vart presentert i november 2016. Undersøkinga måler elevar som har følgd Kunnskapsløftet (KL 06) gjennom heile opplæringa si. KL 06 har fokus på at elevar skal lære meir. Og det har dei skal vi tru TIMMS.

Men gode resultat kjem ikkje av seg sjølv. Kjernen i KL 06 er tydelege mål for kva elevane skal lære på skulen. Samstundes har lærarane hatt stor friheit til å velje undervisningsmetodar, som saman med ulike satsingar i regi av Utdanningsdirektoratet no byrjar å vise resultat. Blant anna gjer norske elevar på 5. trinn det svært bra i matematikk og naturfag. Medan norske elevar på 9. trinn gjer det middels bra. Undersøkinga viser også at Noreg er blant dei som har best skulemiljø. Både lærarar og elevar trivast på skulen. Det er viktig fordi tryggleik og trivsel er ein viktig føresetnad for å lære. Dersom læringsmiljøet er dårleg, sviktar også grunnlaget for å lære.

Du kan lese om resultatet her: [TIMSS bekrefter at det gjøres mye godt arbeid.](#)

Elevundersøkinga 2016:

Elevundersøkinga er ein del av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Lovgrunnlaget for Elevundersøkinga finn du i forskrift til opplæringslova § 2-3 og forskrift til privatskulelova § 2-3. I personopplysningslova § 19 finn du kravet om å informere dei som deltek om formålet, kva resultat skal brukast til, kven som er behandlingsansvarleg og at deltakinga er frivillig. I Herøy er det 7. og 10. trinn som deltek. Resultatet er henta frå skoleporten.no.

Tal frå 1 til 5, der 5 er best - med unntak av tala for mobbing, der 1 er best.

Tema	2015 – 2016 Herøy		2015 – 2016 M & R		2016 – 2017 Herøy		2016 – 2017 M & R	
	7.tr	10.tr	7.tr	10.tr	7.tr	10.tr	7.tr	10.tr
Trivsel, trivest du på skulen?	4,1	4,0	4,4	4,1	4,5	4,0	4,3	4,2
Støtte frå lærarane	4,4	3,8	4,5	4,0	4,5	3,9	4,4	4,0
Læringskultur	3,8	3,8	4,1	3,8	4,1	3,4	4,0	3,8
Fagleg utfordring	4,0	4,2	4,0	4,2	4,0	4,0	4,0	4,2
Motivasjon	3,8	3,3	4,0	3,5	4,1	3,4	3,9	3,5
Vurdering for læring	3,8	3,0	3,9	3,2	4,0	2,8	3,9	3,3
Mestring	3,9	3,8	4,1	4,0	4,1	3,8	4,1	4,0
Mobbing på skulen (Gjennomsnittsverdi ned mot 1 betyr lite mobbing)	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,4	1,3	1,3
Andel i prosent som har opplevd mobbing 2-3 gongar pr mnd eller oftare	2,9	3,2	4,5	3,2	2,9	6,5	4,8	4,3
					3,4 elevar	6,5 elevar		

Kommentar:

Skal vi sjå på resultat frå elevundersøkinga i Herøy kommune på målepunkta *trivsel* og *mestring*, ser vi at resultat på 7. trinn er gode, med anslagsvis 4,5 og 4,1. Det er eit resultat som ligg godt over resultatet for 2015. Det ligg også over, eller på linje med, resultat fylke. Resultatet elles for 7. trinn er også gode. Dei overordna måla for mestring i 2016 var 3,9 og 4,0 for 2017.

Når det gjeld 10. trinn kan vi sei at vi er på veg, men ikkje i mål. Med eit resultat på 4,0 og 3,8 kan ein ikkje sei at elevane mistrivast og mestrar dårleg. Men det har heller ikkje skjedd noko endring frå i fjor. Og på desse målingane ligg fylket over. Det overordna målet for *mestring* i 2016 var lagt til 3,8, så her ligg resultatet innafor. Målet for 2017 er å nå over 4,0.

Det er skuffande å registrere ein nedgang på *læringskultur* og *vurdering for læring*. Eit felt det har vore satsa på både med støtte frå Udir og gjennom arbeid med MOOC (ope nettkurs) i nokre av barneskulane. Det er naturleg å stille spørsmål til korleis kunnskap blir omsett i klasseromet, til metodar og elevinvolvering. Det har vore lagt ned mykje arbeid på utarbeiding av læringsmål og kriterium. Men det nyttar ikkje om ein ikkje maktar å omsetje det til læring for den einskilde elev.

Herøy kommune har null-toleranse for mobbing i skulen. Det blir jobba godt ute i skulane med førebygging av mobbing, og oppfølging i dei tilfella der mobbing blir oppdaga og avdekt. Rutinane er skjerpa, bl.a. som resultat av stort fokus på det psykososiale elevmiljøet og § 9a i Opplæringslova. Det har vore jobba i leiargruppa og i personalgruppene med «case» for å dele erfaringar og bygge gode rutinar for å sjå og handle i slike saker. Likevel seier 2,9 % av elevane på 7. trinn og 6,5 % av elevane på 10. trinn at dei opplever mobbing. Dette utgjør om lag ti elevar – det er ti elevar for mykje! Og det betyr at vi kan aldri slutte å ha fokus på å avdekke uakseptable handlingar i elevmiljøet. Herøy kom med i satsinga «Beredskapsteam mot mobbing» i 2016, eit samarbeidsprosjekt mellom FUG og KS. Teamet, som er sett saman av ulike faginstansar, skal koplust inn i saker der det «låser» seg, og det meste har vore prøvd for å løyse ein konflikt. Målet er rask handling med tydeleg ansvar og fristar slik at foreldre og elevar skal føle seg høyrd og trudd.

Elevresultat:

Det er viktig at elevane når eit høgt kompetansenivå i den tida dei er elevar i grunnskulen, både med tanke på opptak til vidaregåande skule og gjennomføring. I Herøy har elevane historisk lege høgt på grunnskulepoeng, men siste åra har det svinga litt opp og ned. Sjå tabell under. Målet for årets eksamenskull er 42,0 pp.

Grunnskulepoeng siste fem åra:

2012	2013	2014	2015	2016	2017
40,2	38,6	39,9	42,1	39,1	Mål: 42,0

Oppvekstavdelinga er ikkje spesielt glad for å presentere eit fall i grunnskulepoeng frå 2015 til 2016 på 3 pp. Elevresultata går ned både i norsk og engelsk, og ligg også godt under både fylke og nasjon. Men i matematikk gjer Herøyelevane det bra. Her går resultatet opp, noko ein har håpa på då det har vore arbeidd godt med faget i skulen siste åra.

Karakterar i skriftleg og standpunkt 2016:

Fag	Herøy	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Norsk hovudmål skriftleg eksamen	2,8 Ned 0,7	3,5	3,4
Norsk hovudmål standpunkt	3,3 Ned 0,4	3,8	3,8
Matematikk skriftleg eksamen	3,4 Opp 0,5	3,3	3,3
Matematikk standpunkt	3,2 Ned 0,3	3,5	3,5
Engelsk skriftleg eksamen	3,6 Ned 0,4	3,6	3,6
Engelsk skriftleg standpunkt	3,5 Ned 0,5	3,9	3,9
Grunnskulepoeng gjennomsnitt av alle karakterar	39,1 Ned 3,0 p (42,1/2015)	41,0 (1,9 over Herøy)	41,0

Gjennomsnittleg karakterar i ein skala frå 1 – 6

For å bøte litt på dei raude tala i skriftleg eksamen og standpunkt, vil vi gjerne vise fram resultatane i munnleg. Sjølv om både fylke og nasjon ligg litt over kommunen både i norsk og engelsk, er vi stolte av karakternivået – særleg i matematikk. Det skal nokre 6-arar til for å oppnå 4,9 i snitt! Vi kan også nemne at elevane våre gjer det generelt sterkt i munnleg eksamen, og i t.d. samfunnsfag har snittet siste fem åra lege på mellom 4,3 og 4,6!

Munnlege karakterar 2016:

Fag	Herøy	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Norsk munnleg	4,2	4,4	4,4
Matematikk munnleg	4,9 Opp 1,0	4,1	4,1
Engelsk Munnleg	4,4 uendra	4,6	4,5

Andre faktorar som skal gi støtte til læring:

Det vert jobba godt ute i skulane for å skape auka læring. Siste tre – fire åra har det vore auka fokus på undervisning etter mål og kriterium for måloppnåing, framoverretta undervegsvurdering, klasseleiing og relasjonsbygging (VFL). Kvar for seg viktige område som fører til auka læring, noko som også er støtta av forskning.

Elevundersøkinga på 10. trinn avdekkjer nokre «raude» tal. Dvs. resultat vi ikkje er nøgde med, som t.d. VFL, som i år berre er på 2,8. Delspørsmåla avslører dårleg skåring på elevmedverknad. Vi veit at vi har utviklingspotensiale i å få elevane meir bevisste på eige potensiale til måloppnåing, men samstundes har vi god aktivitet og engasjement i skulane både i elevrådsarbeid, ungdomsråd og ungdom med MOT.

Det har også vore auka fokus på grunnleggjande dugleikar, lesing og rekning i alle fag. Dei siste åra har fokuset siste året på ungdomsskulen vore retta mot eksamen, med prøveeksamen både skriftleg og munnleg. Vi ser at elevane i større grad møter trygge og godt budde til eksamensdagen.

Arbeidet for å sikre overgangen mellom barnetrinn og ungdomstrinn er i gang, blant anna ved at lærarane kjem saman og samarbeider på tvers av trinn for å sikre at dei når dei rette måla før dei tek til i 8. klasse. Skulane melder tilbake om at dette arbeidet vert oppfatta som viktig, nødvendig og relevant.

Tiltak for vidare utvikling:

Strategidokumentet «Herøyskulen – ein los i leia» som vart utarbeidd i 2015, vart evaluert og justert i juni 2016. Dette dokumentet, saman med dei ulike resultatata frå prøver og kartleggingar år for år, skal danne grunnlaget for skuleutvikling i perioden 2015 - 2018. Utviklingsmåla i skulane heng saman med dei overordna måla på skuleigarnivå, og med strategidokumentet i botn, skal mål og måloppnåing spegle utviklinga gjennom resultat og nye tiltak.

Visjonen og grunnprinsippa kvalitet, mestring, kunnskap, læring og utvikling er felles for alle skulane. Under paraplyen «Meir læring for alle» skal det vere fokus på læringsmiljø, leiarkompetanse, klasseleiing, læringsmål og forventningar, samarbeid heim-skule, variert undervisning, menneskesyn og relasjonar m.m. I heile denne perioden vil ein halde fram med å bygge kompetanse og fagkunnskap i alle ledd, styrke samarbeidet mellom skular og nettverk og skape trivsel mellom tilsette og elevar.

Godt læringsmiljø, god klasseleiing, gode relasjonar mellom lærar og elev er blant dei viktigaste faktorane for læring. Oppvekstavdelinga satsar vidare på å bygge denne kompetansen i ulike samanhengar. I dette arbeidet er det også viktig å trygge rektor si rolle som pedagogisk leiar i ein hektisk kvardag, slik at han får tid og rom til å utøve rolla si og utvikle gode strukturar i skulen som skal sikre læring for alle.

Hausten 2015 vart det oppretta innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar som kjem til Herøy under grunnskuleløpet. Klassa har undervisningslokale ved YHU for aldersgruppa 10 – 15 år (5. – 10. trinn). I innføringsklassa lærer elevane norsk intensivt, og målet er at dei skal lære norsk raskare slik at dei også får betre føresetnader for å meistre andre skulefag. Evalueringa av undervisningstilbodet er positivt og klassa blir vidarefører også i 2017.

Også dette siste året har vi hatt store utfordringar med støttefunksjonen IKT. Det har gått med mykje tid særleg for den eine av fagleiarane på Oppvekskontoret. Dette er tid som heller skulle vore brukt til skuleutvikling og oppfølging av skulane sitt pedagogiske arbeid.

Særleg overgangane i grunnskuleløpet er viktig å ta tak i. Vi ser eit behov for å fange opp og avverge svakheiter ved overgang barnehage – 1.trinn, 4. – 5. trinn, 7. – 8. trinn og 10. – vgs.

I 2015 starta pilotprosjektet «Ipad i opplæringa», der 5. trinn ved Einedalen og 8. trinn ved YHU vart med. Dette prosjektet vart vidareført også dette skuleåret, og vil følgje trinna ut 7. og 10. Erfaringa med prosjektet har ført med seg så mange positive funn at det er no bestemt å innføre nettbrett i begynnaropplæringa for alle på 1. og 2. trinn i kommunen frå hausten 2017. Målet med satsinga er at alle skal lære seg å lese og skrive på kortare tid enn no. Nettbrettet skal erstatte eingongsbøker og elevane skal lære seg å lese og skrive etter nye og godt utprøvde metodar før dei går over til papir og blyant.

Nytt frå Kunnskapsdepartementet:

Lærarløftet:

Ein del nye innspel frå regjeringa kan få konsekvensar for vidare satsing og utvikling også i Herøyskulen. Strategidokumentet «Kompetanse for kvalitet» (Lærarløftet) som kom i 2015, går ut på at alle lærarar som underviser i faga matematikk, norsk og engelsk må ha minst 60 stp. I faget for å kunne undervise på ungdomstrinna og 30 stp. for å kunne undervise på barnetrinna. Målet om at alle skal ha godkjend utdanning skal vere nådd i 2025. Fleire lærarar nyttar seg kvart år av den nasjonale ordninga for vidareutdanning.

Kommentar: Funn i TIMMS-undersøkinga støttar intensjonen med satsinga og viser til forskning gjort på 5. trinn, der ein kan slå fast at læraren si faglege fordjuping har samanheng med elevresultat. Ein ser også at læraren sitt utdanningsnivå og pedagogiske tryggleik kan redusere betydinga av elevane sine heimeforhold og kan vege opp for foreldre med lav utdanning. Fagleg dyktige lærarar kan bidra til sosial utjamning!

Den 24. mars 2017 kom **Meld. St. 21 (2016-2017) «Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skolen»**. Med denne stortingsmeldinga vil kommunen få øyremerka midlar til arbeidet med tidleg innsats både i den ordinære undervisninga, men også i høve læringsmiljø, TPO, intensiv opplæring, tverrfagleg samarbeid m.m. Sitat henta frå St.mld 21:

«Kunnskap er nøkkelen til fremtiden, både for hvert enkelt menneske og for samfunnet som helhet. For at barn og unge skal ha lyst til å lære, være motiverte og oppleve mestring må alle som har en rolle i utdanningssystemet være preget av lærelyst. Alle, fra den enkelte lærer til departementet og politikerne må ønske å lære noe nytt, ønske å lære av hverandre og ha rom og mulighet til å prøve, feile og få til noe. Tidlig innsats er avgjørende for å gi alle barn og unge en opplæring som rustet dem for fremtiden. Regjeringen foreslår derfor å gi kommunene en plikt til å tilby intensiv opplæring til elever som henger etter i lesing, skrivning eller regning på 1. – 4. trinn. For at kvalitetsforskjeller mellom skoler og innad på skoler skal bli mindre, vil regjeringen definere tydelige krav og forventninger til lokale myndigheter. Regjeringen vil legge til rette for at kommuner og fylkeskommuner skal få handlingsrom til å drive kvalitetsutvikling, slik at de kan finne løsninger som er tilpasset lokale behov. Lærere og skoleledere skal få gode muligheter til å bygge og videreutvikle profesjonelle fellesskap.»

Oppsummering

I fellesskap har ein analysert bakgrunn for dei tala som kjem fram ved målingane i 2016. Dette arbeidet er gjort ute på den enkelte skule, der også FAU er involvert. Skuleavdelinga har prosedyrar for handsaming av resultat frå målingar, der både positive og negative avvik skal rapporterast på. Dette er gjort.

I Herøyskulen er dei fleste elevar med i testmaterialet som kjem fram i resultatet, både på nasjonale prøver og anna kartlegging. Lave målingar på fag kan ha ein samanheng med det, og at det på små skular blir utslag i små klasser der målingsgrunnlaget blir for tynt. Men vi ser også område der vi kan gjere eit endå meir målretta arbeid for at elevar skal kunne lære meir. For meir informasjon om dette, viser vi til strategidokumentet for 2015-18 «Herøyskulen - ein los i leida».

Elevane på både 7. og 10. trinn rapporterer at dei i stor grad trivast på skulen og opplever god fagleg og sosial støtte frå dei vaksne i skulen. Dette blir understøtta av foreldra gjennom kontakta heim-skule.

Sjølv om indikatortalet på mobbing er veldig lavt i Herøyskulen, anslagsvis 1,2 og 1,4 (der 1 er best på ein skal frå 1 – 6), viser det likevel at nokre elevar ikkje har det så bra i Herøyskulens om vi skulle ynskje. Etterarbeid på dei ulike skulane syner at dette er kjende problemstillingar, der skulane allereie har sett inn tiltak og arbeider med elevmiljøet for å sikre at elevane sine rettar til eit godt og trygt læringsmiljø vert stetta.

Det er viktig for oss alle å vite at kunnskapen som vert målt i dei omtala målingane, er ein liten del av den kompetansen ein legg vekt på at elevane skal tileigne seg. Formålsparagrafen for skulen tilseier at ein skal bygge kompetanse for livet, gjennom utdanning og danning. Dette finn ein igjen i strategien for Herøyskulen, der det står at:

«Vi skal kunne legge til rette for å utvikle trygge og vel fungerande barn og unge. Dei skal få ein kompetanse som gjer at dei når draumane sine, bygge verdar og haldningar som fører dei på rett veg».

Dette kan vanskeleg målast, men er noko vi ser igjen i klasserom og på scener rundt omkring. Trygge og dyktige elevar, innan musikk, dans, drama – og ikkje minst god samhandling og gode relasjonar. Fagleg kunnskap er viktig og vil alltid ha eit sterkt fokus, men som det står i Opplæringslova §1-1:

«Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine, og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng. Elevane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad».

For meir informasjon om status og vidare arbeid, viser vi til strategidokumentet for 2015 – 18 «Herøyskulen - ein los i leia».

Vi viser elles til www.udir.no/skoleporten for meir informasjon om detaljar i mål.

Referatsaker

RS 4/17 Dialog med vaksenopplæringa

HERØY KOMMUNE
MYRSNIPA BARNEHAGE
Myrvåg
6080 GURSKØY

Dykkar ref:
Vår ref: 2017/027320
Dato: 08.02.2017
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



TILSYNSRAPPORT MED VARSEL OM VEDTAK - ETTER TILSYN MED BARNEHAGAR.

Mattilsynet gjennomførte 31.01.2017 inspeksjon hos MYRSNIPA BARNEHAGE.

Frå Mattilsynet møtte førsteinspektør Elin Torvholm.

Frå verksemda møtte Reidun Myrvågnes.

Omfang: Myrsnipa Barnehage er ein kommunal barnehage som har 47 barn fordelt på 3 avdelingar. Det vert, i tillegg til medbrakt niste, servert eitt smørjemåltid til lunsj og eitt fruktmåltid dagleg, samt varmmat 1-2 gonger pr veke.

Bakgrunn: Det er ei kjent sak at det er stort smittepress i barnehagar både ved utbrot av virusjukdomar og bakteriologisk smitte. Barnehagar må vere bevisst på kryssforureiningsfarane i dei ulike aktivitetane. Tilsynet hadde fokus på rutiner rundt matsservering, samt grunnleggande forhold som handvask, vedlikehald, orden og reinhald.

Hovudinstrykk:

Barnehagen har utarbeida eit internkontrollsystem men dette vert lite brukt i den daglege drifta. Ansvarleg ville sjå til at skriftlege rutiner i systemet vert etterlevd.

Alle målte temperaturar i fryse og kjøle var innanfor krava i gjeldande regelverk. Rutiner for temperaturkontroll er på plass men vert ikkje etterlvd. Dette vil ansvarleg ta tak i, og starte med avlesing og registrering av temperaturar i kjøle og fyseinreingane. jamfør eigne rutiner i IK - Mat systemet.

Under stell vert det nytta eingongshanskar. Alle avdelingar har sprit dispenserera. Ved sjukdom praktiserer personalet 48 timers regelen.

Barnehagen vert vaska kvar dag av reinhaldar som er ansatt i kommuna. Ved sjukdomsutbrot vert fellesberøringspunkt vaska kvar dag.

Det vert levert varer i frå Coop Marked Tjørnvåg kvar mandag. Det vert framsett små porsjonar ved måltida. Mat som ikkje vert brukt opp under måltidet vert kasta.

Oppvaskmaskin er ny og av type hushaldning, med langt program og innstilt på +85°C. Alt vert vaska i oppvaskmaskin.

Det vert opplyst i frå styrar at ein til tider har hatt problem med insektet sølvkre, som trivast langs golvlister og på fuktige plasser. Problemet er meldt via avviksystemet til kommuna. Skadedyrkontrollen har sprøyt to gongar, og det skal også sprøytast ein gong ved påske. Under besøket kunne ikkje inspektør observere desse insekta. Sølv kre er dyr som ikkje vil kunne spreie smitte, men det er sjølvsagt ubehageleg å ha desse krypa i hus.

På avdelingskjøkkena vert skyllekum nytta til handvask. Såpe, papir og desinfeksjon er på plass, men handvask manglar berøringsfritt armatur som lang hendel eller fotocellestyrt. Der var ingen merknad til reinhald og orden på kjøkkena og tilhøyrande rom, men det vart observert generelt dårleg vedlikehald på kjøkkeninnreiing og vegg i tilknyting til kjøkken.

Vi har difor sett det nødvendige å varsle følgjande vedtak:

Varsel om vedtak om pålegg

Verksemda må etablere handvaskar på avdelingskjøkkena med berøringsfritt blandebatteri.

Varsalet er gitt med heimel i næringsmiddelhygieneforskriften § 1 jf vedlegg II, kapittel I Allmenne krav til lokaler som brukes til næringsmidler (unntatt dem som er angitt i kapittel III) Pkt.4

Vi har observert:

På begge avdelingskjøkken var der vanleg oppvaskkum og ein liten kum i tilknyting til denne. Det var ikkje definert ein eigen vask til vask av hender.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Handvask skal ha rennande varmt og kaldt vatn, samt utstyr for hygienisk vask og tørk av hender, dette for å hindre krysskontaminering av næringsmidler.

I barnehager er det særskilt viktig at rutiner for handhygiene vert følgt på grunn av risiko for smitte av virus og bakterier. For å hindre krysskontaminering av næringsmiddel, er det viktig å etablere ein handvask med berøringsfritt blandebatteri som fotocellestyrt eller albobestyrt (lang hendel).

Mattilsynet vurderer dette som ikkje i tråd med regelverket. For å sikre at drifta skjer innanfor krav i regelverket, må de gjennomføre tiltak innan ein bestemt frist.

Frist for gjennomføring vil bli sett til:

31.05.2017

Varsel om vedtak om pålegg

Verksemda må halde vedlike avdelingskjøkkena i barnehagen slik at dei stettar krava i gjeldande regelverk.

Varsalet er gitt med heimel i næringsmiddelhygieneforskriften § 1 jf vedlegg II, kapittel I Allmenne krav til lokaler som brukes til næringsmidler (unntatt dem som er angitt i kapittel III)

Vi har observert:

På avdelingskjøkken vart det observert dårleg vedlikehald på vegger, og kjøkkeninnreiing bar preg av slitasje.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Dårleg vedlikehald vanskelegjer reinhaldet og kan føre til krysskontaminering av næringsmiddel. Mattilsynet vurderer dette som ikkje i tråd med regelverket. For å sikre at drifta skjer innanfor krav i regelverket, må de gjennomføre tiltak innan ein bestemt frist.

Frist for gjennomføring vil bli sett til:

31.05.2017

Sjå regelverk og rettar.

Med helsing

Lennart Floyd Berge
seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Vedlegg:
Regelverk og rettar
Uttale til varsel om vedtak

Regelverk og rettar

Heimel for tilsyn

Mattilsynet har i samsvar med matlova § 23, heimel til å føre tilsyn og gjere nødvendige vedtak for gjennomføring av det som er bestemt av lova.

Du har rett til å få veiledning om regelverket

Dette betyr at du kan kreve å få vite kva for regelverk som gjeld, kvar du finn regelverket og korleis ein skal forstå regelverket. Mattilsynet kan ikkje gje konkrete råd om korleis du skal oppfylle regelverket. Plikt til å rettleie følger av forvaltningslova § 11.

Uttalerett

Vi har i denne rapporten gitt varsel om vedtak. De har rett til å uttale dykk om innhaldet i varselet før det blir gjort vedtak. Fristen for uttale er **08.03.2017**. De har òg rett til å få rettleing av Mattilsynet og innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 11, 18 og 19.

Gebyr ved oppfølgingstilsyn:

Dersom Mattilsynet må gjennomføre eit nytt fysisk tilsyn for å kontrollere at vedtak er etterkomme, vil det bli ilagt eit gebyr på kr 2255,-. Krav om gebyr er heimla i forskrift 22. desember 2008 nr. 1621 om offentlig kontroll med etterlevelse av regelverk om fôrvarer, næringsmidler og helse og velferd hos dyr (kontrollforskriften) § 1, jf. kontrollforordningen artikkel 28, jf. forskrift 28. januar 2004 nr. 221 om avgifter og gebyr i matforvaltningen § 15a.

Aktuelt regelverk:

- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven)
- FOR 2008-12-22 nr 1623: Forskrift 22. des. 2008 nr. 1623 om næringsmiddelhygiene (næringsmiddelhygieneforskriften)

Vi har funne brot på desse reglane:

- Næringsmiddelhygieneforskriften § 1, forordning (EF) nr. 852/2004 vedlegg II, kapittel I Allmenne krav til lokaler som brukes til næringsmidler (unntatt dem som er angitt i kapittel III)

Mattilsynet Avdeling Sunnmøre
v/ Elin Torvholm
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal

Dykkar ref:
Vår ref:
Dato:
Org.nr:

UTTALE TIL VARSEL OM VEDTAK

Vi viser til varsel om vedtak frå Mattilsynet, Avdeling Sunnmøre gjeve i rapport med dato 08.02.2017 og saksnummer 2017/027320 med uttalerett innan 08.03.2017.

Uttale frå: MYRSNIPA BARNEHAGE

Uttale

Her er merknader som er viktige for saka / ei skriftleg framstilling av utførte eller planlagde tiltak.

Andre opplysningar som vedkjem saka, til dømes utfylt skjema for avvikshandtering, er lagt ved.

Varsla vedtak	Frist for gjennomføring	Uttale
Verksemda må etablere handvaskar på avdelingskjøkkena med berøringsfritt blandebatteri.	31.05.2017	
Verksemda må halde vedlike avdelingskjøkkena i barnehagen slik at dei stettar krava i gjeldande regelverk.	31.05.2017	

Stad:

Dato:

.....
Ansvarleg for verksemda

